

---

Saksnr: 2021/992-1  
Saksbehandlar: Gisle Johanson

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.02.2021

**Oppdragsbrev SIVA 2021**

## Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til SIVA for 2021 med dei rammer og prioriteringar som ligg føre i vedlegg 1.
2. Vestland fylkeskommune overfører totalt kr 31 625 000 til Siva for 2021. Overføringa til Siva er finansiert av midlar tidlegare løyvd av hovudutval for næring i PS 11/2020 Partnerskapsavtalar - samarbeidsavtalar 2021-2022, og midlar frå Statsbudsjettet kap. 553, 61.
3. Vestland fylkeskommune forventar at Siva skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein strategisk partner og støtte for næringshage- og inkubatormiljøa i fylket. Det er vert forventa at Siva deltek i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet. Siva vil også bli invitert inn i oppfølginga av Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring.

## Samandrag

Fylkeskommunane har oppdragsgjevaransvar for Innovasjon Norge og Siva sine bedriftsretta ordningar. Fylkesdirektøren er funne å vere inhabil i saka. Det er difor settefylkesdirektør som legg fram framlegg til oppdragsbrev for Siva for 2021.

Per Morten Ekerhovd  
settefylkesdirektør

Mette Nora Sætre  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Etter regionreforma har fylkeskommunane oppdragsgjevaransvar for Innovasjon Norge og SIVA sine bedriftsretta ordningar:

- Bedriftsnettverk
- Mentortjenesta for gründerar,
- Landsdekkjande etablerartilskot,
- Næringshageprogrammet og Inkubatorprogrammet

Det er overført samla kr 104.989.000,-Statsbudsjettet kap. 553, 61 for 2021. Dette beløpet skal fordelast til Siva og Innovasjon Norge. I overføringsbrevet frå departementet, som ligg føre som referatsak til hovudutvalet sitt møte 17.02.2021, er dei ei føring at midlane ikkje kan omdisponerast til andre formål.

Fylkeskommunane skal nytte ein felles mal for oppdragsbrev som er lagt ved overføringsbrevet fylka får frå departementet.

Vurderingar og merknader

Oppdragsbrevet frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet for 2021 opnar for at kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil kr 100 000,- over posten til å dekkje kostnader fylkeskommunen har ved å utforme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Norge og Siva. Det er rådd til at fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere denne summen

Det vert i denne saka rådd til å overføre til saman kr 31 625 000 gjennom oppdragsbrevet til Siva for 2021.

På bakgrunn av Siva sin modell for differensiering av stønad, og RS 50/2020 til hovudutval for næring rår vi til å tildele støtte til dei ulike inkubatorane og næringshagane i Vestland som vist i tabell under. Tildelinga er i tråd med ramme 2 i Siva sin differensieringsmodell.

	2021 kr
Næringshagen på Voss	1 800 000
Gulen og Masfjorden	
Næringshage	1 800 000
Nordhordland Næringshage	1 500 000
Næringshagen i Hardanger	1 800 000
Sognefjord Næringshage	1 800 000
Stryn Næringshage (Nordfjord)	2 500 000
Athens	3 000 000
Industriutvikling Vest	2 000 000
VIS	5 000 000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	4 000 000
Aksello	1 500 000

Erfaringa frå tidlegare Hordaland og Sogn- og Fjordane fylkeskommune, er at SIVA sine program er verdifulle utøvt i regional og lokal utvikling. Fylka har difor finansiert næringshagar og inkubatorar ut over midlane som har kome øyremerka over statsbudsjettet. Gjennom politisk sak 11/2021 har hovudutval for næring sett av midlar til næringshagane og inkubatorar som skal overførast gjennom Siva sitt oppdragsbrev. Kr. 2 502 000 av denne løyvinga er dekkja av fylkeskommunen sitt budsjett for 2021, det overskytande av kap. 553,61.

Vestland Fylkeskommune partnerskapsmidler - samarbeidsavtaler 2021-2022	Tildeling 2021 kr
Sognefjorden Næringshage As	150 000
Medvind24 Næringshage As	75 000
Næringshagen På Voss As	200 000
Klar Bedrift AS (Gulen og Masfjorden Næringshage As)	200 000
Næringshagen i Hardanger AS	200 000
Stryn Næringshage As	200 000
Atheno AS	700 000
Aksello As	600 000
Industriutvikling Vest AS	600 000
Kunnskapsparken i Vestland As	1 000 000
Vestlandets Innovasjonsselskap sine inkubatorar (VIS)	1 000 000
Sum tildeling gjennom oppdragsbrev til SIVA	4 925 000

Den samla løyvinga frå kap. 553, 61 inkluderer administrasjons- og gjennomføringskostnader for den forvaltinga Innovasjon Noreg gjer av ordningane. Kvar fylkeskommune har ansvaret for å dekkje alle administrasjons- og gjennomføringskostnadene for sitt oppdrag til Innovasjon Noreg, i samsvar med basiskostnadsmodellen. Innovasjon Noreg sentralt bereknar vederlaget for administrasjons og gjennomføringskostnader for kvart fylkesoppdrag basert på erfaringstal. Vederlag for særskilde satsingar utover dei ordinære tenesteleveransane, må Innovasjon Noreg avtale med den einskilde fylkeskommunen. Beløpet som skal nyttast til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikkje spesifisert i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapporteringar av faktiske kostnader.

#### Vedtakskompetanse

Det er Hovudutval for næring som har vedtaksmynde i saka jf. reglement for hovudutval for næring punkt 2 og 3..

#### Vurderingar og verknader

##### **Økonomi:**

Løyvinga er finansiert gjennom midlar frå Statsbudsjettet Kap. 553, 61 som er øyremerka tildeling til Innovasjon Norge og SIVA.

##### **Klima:**

Både Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og utkast til ny regional plan for innovasjon og næring legg stor vekt på berekraft, klima og grøn vekst. Desse regional føringane ligg til grunn for oppdraget til SIVA, og arbeidet i næringshagar og inkubatorar.

##### **Folkehelse:**

Fylkeskommunen sitt oppdrag til Siva har som mål å støtte opp under sysselsetjing og etablering av nye verksemder. Arbeid og sysselsetjing er viktige føresetnader for god folkehelse.

##### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaket støttar opp om Utviklingsplanen for Vestland og Regional plan for innovasjon og næringsutvikling som er sendt til høyring. Formålet med løyvinga er å støtte Innovasjon Norge sitt

arbeid knytt til næringsutvikling og nyskaping i fylket. Siva skal gjennom sitt oppdrag støtte opp om utviklingsplanen og planframlegget for regional plan opp om fylkeskommunen sin visjon om å vere nyskapande og berekraftig.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring til å vedtak oppdragsbrevet til Siva for 2021, med dei rammene og prioriteringane som ligg føre i brevet i vedlegg 1.